



**Notat**

Dato: 26.10.2017  
Arkivsak: 2017/2682-32  
Saksbehandlar: mernord

---

Til: Fylkeseldrerådet

---

Fra: Fylkesrådmannen

---

**Skriftleg innspel frå Fylkeseldrerådet til rulleringen av Handlingsplan for folkehelse etter innspelsmøte 25.09.17**

Fylkeseldrerådet har gjeve skriftleg innspel til rullering av Handlingsplan for folkehelse etter innspelsmøte den 25.09.2017. Hordaland fylkeskommune ved regionalavdelinga kalte inn til innspelsmøte den 25.09.2017.

Uttalen frå fylkeseldrerådet følgjer vedlagt:

**Tema 1. Heilskapecleg folkehelsearbeid og universell utforming.**

Arbeidssted/ organisasjon: **Fylkeseldrerådet**

Beholde tiltak nummer

Det vart i møtet nemnt at tiltak 1.14 kunne bli kutta ut fordi det skulle vera ivaretatt allereie i andre planar.

Tiltaket bør ikkje gå ut, for det er viktig at sentrale tiltak vert nemnt fleire stader for å minna om sakana.

Erstatt med

**Nytt forslag delmål 1.1**

**Nytt tiltak (1) under delmål 1.1.:**

I samarbeid med enkelte kommunar og deira heimetenester etablera prøveordning med ambulerande tannlegekontor, som førebyggjande tannhelsetiltak og sosial utjamning.

**Grunngjeving:** Eldre personar og andre kan ha vanskar med å koma seg til tannlege for kontroll både på grunn av at dei bur i grisgrendt strøk med vanskelege transporttilhøve og av økonomiske grunnar. Ei enkel undersøking der dei bur, kan sikra at behov for tannpleie kan bli oppdaga før tilstanden har utvikla seg til det verre. Slik kan ein medvirka til at målsettinga med at innbyggjarane i Hordaland får "det tannhelsetilbodet dei har rett på og oppfylle krav i tannhelselova".

### Nytt forslag delmål 1.1

#### **Nytt tiltak (2) under delmål 1.1:**

Sørgja for at relevante råd i HFK på eit tidleg tidspunkt vert involverte i alt planarbeid, og minna kommunane om det same for deira del.

**Grunngjeving:** For å kunna fungera etter målsettinga med dei, er det viktig at dei lovfesta råda i fylkeskommunen og kommunane vert tekne tidleg med i prosessane fram mot vedtak innanfor område som angår dei.

### Nytt forslag delmål 1.4

#### **Nytt tiltak under delmål 1.4:**

Etablira sektorovergripande og tverrfagleg plangruppe for å sikra at tiltak på same felt innanfor universell utforming vert koordinerte og ivaretakne i alle fylkeskommunale/ regionale planar.

## Tema 2. Lokalsamfunn, nærmiljø og bustader.

Arbeidssted/ organisasjon: **Fylkeseldrerådet**

Endre / slett tiltak nummer

Erstatt med

### Nytt forslag Delmål 2.1

#### **Nytt tiltak:**

Arbeida for at det i samband med utvikling av "gode, trygge og aktive nærmiljø" blir oppretta rutetilbod frå utkantområde fram til sentrumsområda på aktuelle tidspunkt på døgnet.

*Samarbeidspartner:* Samfedselsavdelinga v/ Skyss

## Tema 5. Fleire skal vera fysisk aktive kvar dag

Arbeidssted/ organisasjon: **Fylkeseldrerådet**

Endre / slett tiltak nummer

Erstatt med

### Nytt forslag Delmål 5.3

#### **Nytt tiltak under delmål 5.3:**

Arbeida for at det vert innført rabatterte billettar, der det i dag ikkje blir gitt slik rabatt, for funksjonshemma, studentar og pensionistar på offentlege arenaer som tilbyr fysiske aktivitetar